

**Fritidsbustader Vestre Vågen.
8/41 m.fl., Håvik ytre
PlanID: 201721
BØMLO KOMMUNE**



GØTZ AS
RÅDGIVENDE INGENIØRER

§ 1.0 GENERELT

§ 1.1 Det regulerte området er synt med grenseliner på plan.

§ 1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande formål:

PBL §12-5. Arealføremål i reguleringsplan

1. Bygningar og anlegg

Fritidsbustad – frittliggjande, BFF1-BFF3
Fritidsbustad - konsentrert, BFK1-BFK6
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilh. strandsone, BBS1-BBS6
Naust, BUN1-3, f_BUN4

2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg, o_SKV1, SKV2
Køyrbar gangveg, SGG1-SGG2
Annan veggrunn – grøntareal, o_SVG1-o_SVG2, SVG3-SVG6
Kai, SK1-SK4, f_SK5, SK6
Parkeringsplassar, f_SPP1, SPP2-SPP4

3. Landbruks, natur- og friluftsmål og reindrift

Friluftsmål, LF1-LF10

4. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone

Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilh. strandsone, VFS1-VFS4

5. Omsynssoner

Frisikt, H140_1-H140_2

6. Føresegnområder

Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg, #1- #2

§ 2.0 FELLES FØRESEGNER

I samband med utarbeiding av byggeplanar, kvalitets-/hms-planar skal det gjennomførast ei meir detaljert risikovurdering i forkant av anleggsarbeid for å unngå eventuell fare for grunnbrot, utgliding av lausmassar, skade på leidningsnett og sikringstiltak før gåande/køyrande gjennom anleggsområdet. Dokumentasjon på at dette er fullført skal leggjast ved byggemeldingar i samband med søknad om tiltak innanfor planområdet.

§ 2.1 Rekkefølgekrav

Området kan byggjast ut i etappar.

Før det kan gjevast byggjeløyve for nye fritidsbustader og naust, må omsøkt eining vere tilknytt godkjent vass- og avlaupsanlegg.

Teknisk plan for veg, vatn, avlaup, overvatn og sløkkjevatn skal godkjennast av BVA og Bømlo kommune før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor området. Kommunalteknisk VA- norm for Sunnhordland skal leggjast til grunn. Det må også føreliggja godkjent utsleppsløyve.

Ein kan tillata etappevis utbygging av VA- anlegget, og det kan gjevast bruksløyve for fritidsbustader innanfor området før heile feltet er tilknytt godkjent VA- anlegg, dersom omsøkt eining har tilfredsstillande tilknytning.

Det må takast omsyn til fiskeriinteresser ved utsleppsleidning til sjø.

Utsleppsleidningar i sjø skal leggjast ut på ein slik måte at dei ikkje kjem i konflikt med omsynet til fiskeri. Det skal sikrast tilfredsstillande reinsegrad av utslepp.

Før det kan gjevast bruksløyve for bygningar må tilhøyrande avkøyrslar, tilkomstvegar, felles parkeringsplassar og siktsoner vera opparbeidd i tråd med godkjent plan.

Veganlegg som ligg til fylkesvegen skal godkjennast av Statens vegvesen.

§ 2.2 Terrenghandsaming

Alle terrenginngrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Større tre og annan verdifull vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på.

§ 2.3 Murar

Natursteinmurar og andre tørrmurskonstruksjonar skal førast opp i samsvar med krav og tilrådingar i Statens vegvesen sine handbøker:

«Statens vegvesen, Vegdirektoratet, 'Geoteknikk i vegbygging (Handbok V220)',

Vegdirektoratet, Oslo, vegleiing, Jun. 2010.»

«Statens vegvesen, Vegdirektoratet, 'Tørrmuring og maskin (Handbok V270)', Vegdirektoratet, Oslo, vegleiing, 2014.»

og vera i samsvar med kravet i andre relevante handbøker, samt vera etter krava i gjeldande standardar for geotekniske konstruksjonar, pr. d.d.:

«Standard Norge, 'Eurokode 7: Geoteknisk prosjektering. Del 1: Allmenne regler (NSEN 1997-1:2004)', Standard Norge, Norsk standard (Eurokode) NS-EN 1997- 1:2004+NA:2008, Nov. 2004.»

§ 2.4 Tiltak i sjø

Bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet skal handsamast etter hamne og farvasslova jf. §14, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova.

Ein skal kontakte eigar av eventuelle merdar i vågen før eventuelle arbeid i sjø vert utført, slik at ein unngår skade på fisk. Sjå også §2.12.

Tiltaket skal ikkje vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd.

§ 2.5 Strandsona

Strandsona skal vere ålmenn tilgjengeleg.

Det skal ikkje setjast opp gjerde, skiljeveggar eller andre stengsel i strandsona og på kai som kan vere til hinder for ålmenta si ferdsle i desse områda.

§ 2.6 Energi

Ved utforming av bygg innanfor planen skal gjeldande teknisk forskrift til PBL leggjast til grunn ved val av energiforsyning.

§ 2.7 Tekniske anlegg

Pumpestasjonar, transformator kioskar, kabelskap o.l. kan oppførast i området i samsvar med teknisk plan.

§ 2.8 Kulturminne

Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, bergkunst, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet, jf. kml. § 8, 2. ledd.

Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergens Sjøfartsmuseum dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve områda. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

§ 2.9 Byggjegrense

I område for naust og fritidsbustader har ein synt byggjegrense for bygg til sjø. Der byggjegrense ikkje er synt, går denne i føremålsgrensa mot sjø. Kaiar kan førast opp i føremålsgrensa mot sjø. Det er vist byggjegrense mot veg der dette er relevant.

§ 2.10 Frådeling

Innanfor områda for konsentrerte fritidsbustader og naust kan framtidige tomter delast frå heilt til føremålsgrensa eller til strandlinje/kaikant.

§ 2.11 Urbant jordskifte jf. pbl. §12-7 pkt. 13

Det kan stillast krav til fordeling av planskapt netto verdiauke ved ulike felles tiltak innanfor planområdet ihht. jordskiftelova §3-30.

§ 2.12 Kaste- og låssettingsplass

Det er registrert kaste- og låssettingsplass i/ved reguleringsområdet. Tiltak i reguleringsområdet skal ikkje vere til hinder for hevdvunnen bruk av sjøområdet til fiskeriverksemd, inklusiv fiske med lys. Det gjeld òg bruk av/ ferdsel i fiskeområdet i heile vågen av brukarane/besøkjande til reguleringsområdet. Det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøydde til land eller oppankra på anna vis, jf. §27 i Havressurslova.

Gjeldande føresegner om låssetting etter Havressurslovas §27 er gjeldande i heile planområdet.

Fisk i steng er sårbare for sprengingsarbeid og eigar av eventuell fisk i steng skal kontaktast ved sprengingsarbeid og liknande. Sjå også §2.4.

§ 2.13 Skilt

Det kan setjast opp skilt på eigna plass ved vågen med informasjon til publikum om føresegnene etter §27 i Havressurslova.

§ 3.0 BYGNINGAR OG ANLEGG

§ 3.1 Fritidsbustader – Frittliggjande, BFF1-BFF3

§ 3.1.1 Innanfor områda BFF1-BFF3 kan det førast opp til saman 7 stk. nye frittliggjande fritidsbustader.

Talet på einingar innanfor områda BFF1-BFF3 er som følgjer:

BFF1: 3 stk. (3 nye)
BFF2: 3 stk. (3 nye)
BFF3: 1 stk. (1 ny)

§ 3.1.2 Maks bruksareal per eining er $BRA = 110m^2$.
Maks mønehøgde er 6,5 meter over gjennomsnittleg planert terreng.
Takform skal fastsettast i byggjemeldinga.

§ 3.1.3 Fritidsbustadane skal ha tilgang til min. 2 parkeringsplassar, anten på eigen grunn eller på areal i nærleiken. Parkering inngår ikkje i berekninga av BRA. Rett til veg og parkeringsplass skal dokumenterast før det kan gjevast byggjeløyve.

§ 3.1.4 Det kan byggjast 1 stk. uthus med maks $15m^2$ grunnflate pr. eining. Maks mønehøgde 3,0m. Uthus kan førast opp utanfor regulerte byggjegransar, men skal plasserast min. 1,0m frå nabogrense. Dei skal liggja i bakkant av hovudbygningen.

§ 3.1.5 Plassering og utforming av fritidsbustadane skal best mogleg underordna seg naturpreget i området. Tomtane skal ikkje planerast i større utstrekking enn det som er naudsynt for ei hensiktsmessig plassering av fritidsbustadane med tilhøyrande parkeringsplassar. Vedlagd byggjesøknaden skal det følgje snitt/profil-teikning som viser bygningen si plassering i terrenget.

§ 3.1.6 Ca. høgdeplassering for dei ulike tomtene innanfor BFF1-BFF3 er vist i plankartet og er ei førebels høgde. Høgdena skal i hovudsak vera som vist på reguleringsplan +/- 0,5m. Eventuelt avvik frå kotehøgde i plan kan etter nærare dokumentasjon/søknad godkjennast av kommunen i kvart einskild tilfelle. Omsyn til omkringinggjande tomter/terreng skal vektleggjast i denne vurderinga.

§ 3.1.7 Ubygde delar av tomta skal ikkje nyttast til lagring.

§ 3.2 Fritidsbustader - konsentrert, BFK1-BFK6

§ 3.2.1 Innanfor områda BFK1-BFK6 kan det førast opp konsentrerte fritidsbustader, anten som frittliggjande bygningar eller i rekkje. I tillegg til dei 3 eksisterande

bygga som er oppført i desse områda i dag, kan det etablerast 6 nye fritidsbustader innanfor BFK-BFK6. Eksisterande bygg på 8/40 og 8/19 kan rivast og erstattast med ny fritidsbustad.

Det kan byggjast kai som fundament for fritidsbustadane. Det skal ikkje fyllast i sjø framom fritidsbustadane. Der det er naudsynt skal kaianlegg og fritidsbustader etablerast på pelar eller mur for å unngå fylling i sjø. Evt. murar skal utførast med naturstein eller betongblokker.

Talet på einingar innanfor områda BFK1-BFK6 er som følgjer:

BFK1:	1 stk. (1 eksisterande naust som kan rivast og erstattast av fritidsbustad eller bruksendrast til fritidsbustad)
BFK2:	1 stk. (1 ny)
BFK3:	1 stk. (1 ny)
BFK4:	3 stk. (1 eksisterande naust og 2 nye fritidsbustader)
BFK5:	1 stk. (1 eksisterande)
BFK6:	2 stk. (2 nye)

- § 3.2.2 Maks bruksareal per eining er $BRA = 110m^2$.
Maks mønehøgde er 8,0 meter målt frå ferdig golv.
- § 3.2.3 Nye fritidsbustader skal plasserast med overkant golv i 1. etg på min. kote +2,5 m.o.h.
- § 3.2.4 Det skal nyttast saltak med takvinkel mellom 35-45 grader. Takutstikk skal vere knappe.
- § 3.2.5 Fritidsbustadane skal vere best mogleg tilpassa eksisterande bygningsmiljø i området. Ein skal søkje løysingar med variasjon i storleik, retning og høgde for dei konsentrerte fritidsbustadane.
- § 3.2.6 Dei konsentrerte fritidsbustadane skal ha tilgang til min. 2 parkeringsplassar, anten på eigen grunn eller på areal i nærleiken. Parkering inngår ikkje i berekninga av BRA. Rett til veg og parkeringsplass skal dokumenterast før det kan gjevast byggjeløyve.
- § 3.2.7 Terrasse/veranda kan byggjast i bakkant av fritidsbustadane (på motsett side av strandlinja), anten på bakkeplan eller i 2. høgda, der det ikkje er til hinder for parkering. På sjøsida kan det ikkje byggjast altan større enn 14 m², maks 2,0m ut frå veggliv.
- § 3.2.8 Eksisterande naust på 8/41 kan rivast og erstattast av eit nytt naust i tilknytning til ny fritidsbustad på tomta. For nytt naust gjeld føresegnene for naust (§3.4).

§ 3.3 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilh. strandsone, BBS1-BBS6

- § 3.3.1 Områda BBS1-BBS6 kan nyttast til brygger (faste og flytande), båtopptrekk og båtfeste for småbåtar.

§ 3.3.2 Innanfor området kan det etablerast flytebrygger og utriggarar til fritidsbustadane.

BBS1:

Innanfor BBS1 er det 2 stk. eksisterande private flytebrygger til bruk for EF1 og EN1 frå før. I tillegg er det sett av båtplass ved kai for fritidsbustad nr. 1 innanfor BFK2.

BBS2:

Innanfor BBS2 er det 1 stk. eksisterande privat flytebrygge til bruk for EN2 frå før. I tillegg kan det etablerast 1 stk. landfaste flytebryggjer m/ landgang til bruk for fritidsbustad nr. 2 innanfor BFK3. Maks storleik på ny flytebrygge er 15m² og maks breidde er 2,5m.

BBS3:

Innanfor BBS3 kan det etablerast 2 stk. båtplassar ved kai til bruk for fritidsbustad nr. 3 med tilhøyrande naust innanfor BFK4.

BBS4:

Innanfor BBS4 kan det etablerast 1 stk. båtplass ved kai til bruk for fritidsbustad nr. 4 innanfor BFK4.

BBS5:

Innanfor BBS5 er det ei eksisterande felles privat flytebrygge med utriggarar, med storleik på ca. 3,5x18,0m pluss landgang. Totalt kan det etablerast 12 båtplassar her. Båtplassane kan nyttast etter avtale med grunneigar.

BBS6:

Innanfor BBS6 er det eit eksisterande båtopptrekk som skal liggje som i dag. Det er også ein eksisterande båtplass i tilknytning til eksisterande fritidsbustad EF2 innanfor BFK5. I tillegg kan det etablerast to båtplassar ved kai til bruk for fritidsbustad nr. 6 og 7 innanfor BFK6.

§ 3.3.4 Småbåtanlegga kan nyttast etter eigen avtale med grunneigar.

§ 3.4 Naust, BUN1-3, f_BUN4

§ 3.4.1 Innanfor områda BUN1-3 og f_BUN4 kan det førast opp naust, anten som frittliggjande bygningar eller i rekkje. I tillegg til dei to eksisterande nausta som er oppført innanfor BUN1-2 i dag, kan det etablerast 1 enkelt naust innanfor BUN3 og 1 fellesnaust innanfor f_BUN4.

§ 3.4.2 For enkle naust gjeld:

Naust skal ha maks 40m² BRA. Maks mønehøgde er 5,0m målt frå ferdig golv. Det skal nyttast saltak med takvinkel mellom 40 og 45 grader. Takutstikk skal vere knappe. Nausta skal ha eit maritimt preg og vere som for tradisjonelle naust og sjøhus i Bømlo kommune.

Det kan godkjennast toalett og dusj. Maks storleik på våtrom er 4m². Isolasjon, sløyebenk og vask er tillete.

Dersom eksisterande naust innanfor BUN1-2 ikkje er i tråd med føresegner gjeve i §3.4.2, skal dei få lov til det. Nausta kan vedlikehaldast i tråd med sin opphavelige form og storleik.

§ 3.4.3 For fellesnaust gjeld:

Innanfor området f_BUN4 kan det førast opp 1 stk. fellesnaust med boder. Maks storleik på fellesnaust er 80m² BYA. Parkering inngår ikkje i denne berekninga. Maks mønehøgde er 7,0m målt frå topp innvendig golv. Naustet skal ha saltak med vinkel mellom 40-45 grader, og tilpassast eksisterande bygningsmiljø.

Det kan godkjennast toalett og dusj. Maks storleik på våtrom er 4m². Islolasjon, sløyebenk og vask er tillete.

§ 3.4.4 Nye naust skal plasserast på min. kote +2,0. Endeleg plassering av bygg vert fastsett av kommunen i samband med byggemeldinga.

§ 3.4.5 Naust er definert som eit bygg for lagring/ oppbevaring av båtar og ulike fiskereiskap samt eit bygg til bruk for maritim rekreasjon.

§ 3.4.6 Enkle naust skal ha tilgang til minst 1 parkeringsplass på eiga tomt eller på areal i nærleiken. Parkeringsplass må dokumenterast i samband med byggjemeldinga.

§ 3.4.7 Det skal ikkje fyllast i sjø framom nausta. Der det er naudsynt skal kaianlegg og fritidsbustader etablerast på pelar eller mur for å unngå fylling i sjø. Evt. murar skal utførast med naturstein eller betongblokker.

§ 4.0 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 4.1 Køyreveg, o_SKV1, SKV2

§ 4.1.1 o_SKV1 er ein eksisterande offentleg veg (del av Fv12) og skal liggje som i dag.

§ 4.1.2 SKV2 er ein eksisterande privat veg som skal liggje som i dag. Vegen kan asfalterast. Regulert breidde er 4,0m.

§ 4.2 Køyrbare gangveg, SGG1-SGG2

§ 4.2.1 SGG1-SGG2 skal opparbeidast som private felles køyrbare gangvegar for brukarane av tilgrensande eigedomar. Regulert breidde er 3,0m. Vegane skal opparbeidast med grus. Vegane skal berre nyttast til køyring til fritidsbustadane, felles småbåtanlegg og naust, og skal ikkje nyttast til gjennomkøyring. SGG1-SGG2 skal vere opne for gangtrafikk for ålmenta.

§ 4.2.2 Mindre endringar i vegføringar kan tillatast når detaljplanlegging gjer det naudsynt.

§ 4.3 Annan veggrunn – grøntareal, o SVG1-o SVG2, SVG3-SVG6

§ 4.3.1 Areala skal nyttast som grøntareal for vegane i planområdet. Områda kan nyttast til vegutviding, avkjørsler, grøfter, skråningar, skjeringar og plassering.

§ 4.4 Kai, SK1-SK4, f_SK5, SK6

§ 4.4.1 Områda kan nyttast til kai og båtfeste for småbåtar. Endeleg plassering og utforming vert fastsett av kommunen i samband med byggjemelding for tiltaket.

§ 4.4.2 Kaiane skal vere opne for ålmenn ferdsle og det skal ikkje setjast opp gjerde eller andre stengsel som hindrar fri ferdsle i strandsona.

§ 4.4.3 SK1 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustad EF1, og vil gje tilkomst til privat båtplass.

§ 4.4.4 SK2 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustad nr. 1 på eigedom 8/79, og vil gje tilkomst til privat båtplass.

§ 4.4.5 SK3 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustad nr. 2 på eigedom 8/1, og vil gje tilkomst til privat båtplass.

§ 4.4.6 SK4 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustad nr. 4-5 og naust EN3, og vil gje tilkomst til private båtplassar for desse.

§ 4.4.8 f_SK5 skal opparbeidast som felles kai til bruk for brukarane av nausta innanfor BUN3 og f_BUN4, og vil gje tilkomst til felles flytebrygge.

§ 4.4.9 SK6 skal opparbeidast som privat kai til bruk for fritidsbustad nr. 5-6, og vil gje tilkomst til private båtplassar for desse.

§ 4.5 Parkeringsplassar, f_SPP1, SPP2-SPP4

§ 4.5.1 f_SPP1, SPP2-SPP4 skal nyttast til parkering.

Talet på parkeringsplassar innanfor kvart område og bruk av desse skal vere som følgjer:

f_SPP1:

9 stk. parkeringsplassar.

F_SPP1 er ein eksisterande privat felles parkeringsplass kor dei som har parkeringsrett skal disponere 1 p-plass kvar. Dette gjeld gnr/bnr. 8/1, 8/10, 8/19, 8/29, 8/40, 8/54, 8/79, 8/81. I tillegg kan 1 p-plass disponerast av brukarane av felles småbåtanlegg og fellesnaustet.

SPP2:

5 stk. parkeringsplassar.

SPP2 er ein privat felles parkeringsplass kor eigarane av fritidsbustadane 3-4 skal disponere 2 p-plassar kvar og eigar av eksisterande naust EN3 skal disponere 1 p-plass.

SPP2 kan delast frå som eige bruksnummer.

SPP3:

5 stk. parkeringsplassar.

SPP3 er ein privat felles parkeringsplass kor eigarane av naust N1 innanfor BUN3 kan disponere 1 p-plass. I tillegg skal brukarane av småbåtanlegget (BBS5) og fellesnaustet (f_BUN4) disponere til saman 4 p-plassar her.

SPP4:

6 stk. parkeringsplassar.

SPP4 er ein privat felles parkeringsplass kor eigarane av fritidsbustadane 5-6 skal disponere 2 p-plassar kvar. Dei 2 resterande parkeringsplassane kan nyttast etter avtale med grunneigar.

I tabellen nedanfor har ein lista opp korleis parkering er tenkt innanfor planområdet:

Formål	Eining	Gnr/bnr	Krav til p-plassar	Parkering
BFF1	H1	8/7	2 stk.	På eigen grunn ved fritidsbustad
	H2	8/7	2 stk.	På eigen grunn ved fritidsbustad
	H3	8/7	2 stk.	På eigen grunn ved fritidsbustad
BFF2	H4	8/7	2 stk.	På eigen grunn ved fritidsbustad
	H5	8/7	2 stk.	På eigen grunn ved fritidsbustad
	H6	8/7	2 stk.	På eigen grunn ved fritidsbustad
BFF3	H7	8/7	2 stk.	På eigen grunn ved fritidsbustad
BFK1	EF1	8/40	2 stk.	Parkering på eigen grunn ved fritidsbustad. Disponerer også 1 p-plass på f_SPP1
BFK2	1.	8/79	2 stk.	Parkering på eigen grunn ved fritidsbustad. Disponerer også 1 p-plass på f_SPP1
BFK3	2.	8/1	2 stk.	1 plass på f_SPP1 og 1 plass på eigen grunn ved fritidsbustad
BFK4	3.	8/41	2 stk.	SPP2

	4.	8/46 og 8/1	2 stk.	SPP2
	EN3	8/41	1 stk.	SPP2
BFK5	EF2	8/19	2 stk.	SPP4 etter avtale med grunneigar
BFK6	5.	8/7	2 stk.	SPP4
	6.	8/7	2 stk.	SPP4
BUN1	EN1	8/10	1 stk.	f_SPP1
BUN2	EN2	8/54	1 stk.	f_SPP1
BUN3	N1	8/7	1 stk.	f_SPP3
f_BUN4	f_BUN	8/7	2 stk.	f_SPP3
BBS5	BBS5	8/7	2 stk.	SPP3

§ 5.0 LANDBRUKS-/ NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE OG REINDRIFT

§ 5.1 Friluftsmål, LF1 – LF10

- § 5.1.1 I områda LF1 – LF10 kan det ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for å nytta områda som friluftsområde. Områda skal vere ålment tilgjengelege.
- § 5.1.2 Det kan leggjast til rette for vatn- og avlaupssystem i friluftsmåla.
- § 5.1.3 Så langt råd er skal eksisterande terrengform og vegetasjon takast vare på. Det er ikkje tillate å hogge tre som vert nytta til å feste steng i.

§ 6.0 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

§ 6.1 Friluftsområde i sjø og vassdrag, VFS1 – VFS5

- § 6.1.1 Områda VFS1 – VFS2 skal vere fritt tilgjenge for allmenta og nyttast til sjø- og vassaktivitetar.

§ 7.0 OMSYNSSONER

§ 7.1 Frisikt, H140_1 - H140_2

- § 7.1.1 H140_1 - H140_2 er regulert til område for frisikt. Arealet vil i planen vere kombinert med andre føremål.
- Innanfor siktsona skal det ikkje vere sikthindringar som stikk høgare enn 0,5 m over vegbanen på tilstøytande veg. Enkeltståande trer, stolpar og liknande kan stå i sikttekanten, men krav til sikkerheitssoner i hb. N101 "Rekkverk" må vere tilfredsstilt.

§ 8.0 FØRESEGNOMRÅDER

§ 8.1 Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg, #1 – #2

- § 8.1.1 Innanfor #1 og #2 skal det vere høve til å feste steng i tre/kaiar/boltar/flytebrygger mv.. Grunneigar kan krevje landslott i dei tilfella kor det er grunnlag for dette.

Dato: 20.06.2023

Revidert: 12.01.2024, i tråd med vedtak i kommunestyret den 04.12.2023.